



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 23.10.2019
Møtested: Heradsstyresalen, Dale
Møtetid: 09:00 - 13:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
66/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
67/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
68/2019	BERGSDALEN SKULE
69/2019	GJENNOMGANG AV HELSE- OG OMSORG - MANDAT
70/2019	DETALJREGULERINGSPLAN FOR DALE STASJON, PLANID 2018001. GODKJENNING

17. oktober 2019

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
66/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/1032

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
67/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/1032

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 26.08.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 26.08.2019
Møtestad: Sosialrommet, Turbinen
Møtetid: 12:00 - 14:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Line Kydland	SV	Varamedlem
Arne Normann	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Kjartan Haugsnes	SV	Line Kydland, SV
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Arne Normann, KRF

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll, sak 62/2019
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
58/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
59/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
60/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
61/2019	DIGITALE LÆREMIDDEL PÅ NYNORSK
62/2019	KOMMUNEPLAN, AREALDEL ENDELEG FORSLAG
63/2019	KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM KONSESJON VED ERVERV AV LANDBRUKSEIGEDOM GNR. 41, BNR. 1 KALAND I VAKSDAL KOMMUNE
64/2019	OVERFØRING AV DELTAKARFORHOLD I BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD VED KOMMUNESAMANSLÅING. VEDTAK FRÅ VAKSDAL KOMMUNE
65/2019	VARSEL FRÅ NVE OM PLANLEGGING AV SIKRINGSTILTAK I KUPEBEKKEN PÅ DALE, MED ØKONOMISKE OG JURIDISKE KONSEKVENSAER FOR KOMMUNEN



58/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Anne-Christin Eide ba om at ein ser på rekkefølgen på møta når det er to møte samme dag. Ordførar orienterte om at han på slutten av møtet ville orientera om ei klientsak i lukka møte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 58/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

59/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 59/2019 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

60/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Sigmund Simmenes melde seg som kommunen sin politiske representant/leiar for TV-aksjonen. Framlegg frå Heidi Rongved om å gje TV-aksjonen eit tilskot på kr 10 000 frå Vaksdal kommune.

FPØ - sak 60/2019 Vedtak:

Sigmund Simmenes vert politisk representant/leiar for TV-aksjonen 2019. Vaksdal kommune støtter TV-aksjonen med kr 10 000.

61/2019: DIGITALE LÆREMIDDEL PÅ NYNORSK

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune krev at Kunnskapsdepartementet sørgjer for at læremiddelprodusentane følgjer lova og såleis sikrar nynorskelevane sine rettar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 61/2019 Vedtak:

Vaksdal kommune krev at Kunnskapsdepartementet sørgjer for at læremiddelprodusentane følgjer lova og såleis sikrar nynorskelevane sine rettar.

62/2019: KOMMUNEPLAN, AREALDEL ENDELEG FORSLAG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår til at vedlagt endeleg utkast til arealdel av kommuneplanen for Vaksdal 2019-2029 vert vedtatt av Kommunestyret, etter Plan- og bygingslova §11-15.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Saka vart behandla til slutt i møtet. Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll orienterte.



Endringsforslag (redaksjonell endring) frå Eirik Haga, AP:

Kommunestyret vedtek framlegg til kommuneplan for Vaksdal kommune 2019 - 2029 etter Plan- og bygningslova § 11-15.

Tilleggsframlegg frå Line Kydland, SV:

Formannskapet rår til at vedlagt endeleg utkast til arealdel av kommuneplanen for Vaksdal 2019-2029 vert vedtatt av Kommunestyret, etter Plan- og bygningslova §11-15 med følgjande presisering:

- I utgangspunktet vert det ikkje akseptert utfylling i sjø på Stanghelle og Vaksdal og dette vert teke ut av plan*
- Nye hytter/fritidseiendommar skal kun oppførast i eksisterande hyttefelt/fortetting*
- Hytter/fritidseiendommar skal ikkje etablerast ved sjø/sjølinje*
- Regulering av bustadeiendommar på Boge i Vaksdal skal medtakast i denne planperioden*

Endringsframlegg frå Bjørn Roald, H:

- 1. Regulering av Dalegården skal også omfatte handels- og servicebedrifter primært med tanke på å serve gjennomgangstrafikken på E16*
- 2. Regulering av boligeiendommer på Boge i Vaksdal skal medtas i denne planperioden*

Heidi Rongved ba om gruppemøte

Røysting:

- Eirik Haga sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Eirik Haga sitt framlegg vart samrøystes vedteke*
- Tilleggsframlegget frå Line Kydland fekk 1 røyst (SV) og fall.*
- Tilleggsframlegget frå Bjørn Roald fekk 1 røyst (H) og fall.*

FPØ - sak 62/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegg til kommuneplan for Vaksdal kommune 2019 - 2029 etter Plan- og bygningslova § 11-15.

64/2019: OVERFØRING AV DELTAKARFORHOLD I BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD VED KOMMUNESAMANSLÅING. VEDTAK FRÅ VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune, ved kommunestyret, gjev sin tilslutnad til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd (BOF), med grunngeving i kommunesamanslåing. Samstundes gjev kommunestyret sin tilslutnad til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden vert deltakarkommunar i BOF, med overtaking av rettar og plikter frå sine respektive, samanslåtte kommunar.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 64/2019 Tilråding:

Vaksdal kommune, ved kommunestyret, gjev sin tilslutnad til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd (BOF), med grunngjeving i kommunesamanslåing. Samstundes gjev kommunestyret sin tilslutnad til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden vert deltakarkommunar i BOF, med overtaking av rettar og plikter frå sine respektive, samanslåtte kommunar.

65/2019: VARSEL FRÅ NVE OM PLANLEGGING AV SIKRINGSTILTAK I KUPEBEKKEN PÅ DALE, MED ØKONOMISKE OG JURIDISKE KONSEKVENSAER FOR KOMMUNEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering som grunnlag for komande sakshandsaming og politisk vedtak.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.08.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 65/2019 Tilråding:

Saka vert tatt til orientering som grunnlag for komande sakshandsaming og politisk vedtak.



SPØRSMÅL:

Skriftlege spørsmål frå Heidi Rongved:

Kommunikasjon.

Vi har snakka om kommunikasjon tidlegare, at kommunen må bli bedre/gode på kommunikasjon ut til bebuarane.

- No på seinsumaren har vi hatt tre saker som har vore uklare for bebuarane. Det var stenging av vegen til Agnavika. Her var det ikkje informert i det heile tatt. Informasjon kom vel dagen etter.
- Det var stenging av vegen i Flordalen. Her blei det informert på facebook, men det stod ingenting om kvar vegen var stengd. Flordalen er frå inst på Jamneflaten til øvst i Flordalen. Vegen var heilt stengd for køyrande i tida 08.00 – 15.00 og kunne være stengd for gåande i same tidspunkt, var meldinga. Det bur ein del folk i dette område og dei blei sjølvstøtt urolege. Kom dei seg til/frå jobb? Måtte dei gå heimefrå før kl 08.00 for å koma seg til ein avtale kl. 14.00? Det viste seg at stenginga gjaldt nokre få husstandar øvst i Flordalen. Her kunne ein kanskje ha oppsøkt husstandane og forklart dei kva som skulle skje. På den måten kunne ein unngått mykje støy.
- Den siste, og kanskje alvorlegaste, var bakteriar i drikkevatnet for Vaksdal og Eidslandet vassverk. Korleis det var på Eidsland veit eg ikkje, men på Vaksdal var det mange som ikkje fekk sms. Det blei gitt beskjed om dette utan at noko skjedde. Først på fredag fekk eg, og fleire på Boge, melding. Har ein funnet ut kva som er årsaka til dette? Innbyggjarane i Vaksdal kommune må kjenna seg trygge på at dei får melding dersom det er bakteriar i drikkevatnet.

Rådmannen gav slike svar:

Stenging av Angavika:

Kommunen beklager manglande informasjon. Vi må betre rutinane slik at vi blir betre på rett, tidleg og god informasjon.

Badeplassen er klar til sesongen 2020.

Stenging veg (svaret vart utdelt i møtet):

Om vegstenginga i Flordalen (frå Flordalen 64)

Som vi har informert om tidlegare startar arbeidet onsdag 14. august og vil vare i 4 veker. Dette er ødvendig arbeid for å leggje ny vassleidning. Det er ikkje mogeleg for bilar å passere mllom kl 0800 og 1500. Det er heller ikkje mogeleg å passere for forgjengarar når anleggsmaskinene held på. Det er veldig smalt og vanskeleg å passere. De må difor ta kontakt med anleggsfolka om de skal forbi. Dei vil gjere sitt beste for at dette skal gå greit.

Det er tilrettelagtor at vegen kan opnast for utrykkingskøyretøy på kort varsel.

Alle som har bustad som er direkte rørt av dette er varsla pr. brev.

Vi er lei for ulempene dette medfører.

Dersom du treng meir informasjon, ta kontakt med Torstein Mehus på mobil 488 80 387.

Kokevarsel:

Rutinane til kommunen blei fulgt. Vi må gå gjennom og sjå om det er innbyggjare som ikkje får varsel. Viktig at Servicetorget får kjennskap til slike tilfeller. Dei som har hemmeleg nummer, bedriftstelefon eller anna jobbtelefon må sjølv melde at de vil ha SMS frå kommunen på nummeret.



Skriftlege spørsmål innsendt av Evelyn Boge:

1. Agnavika, Stanghelle
Bygging av veg til det nye boligprosjektet har påvirket bruken av friområdet/badeplassen i Agnavika negativt med stenging av tilkomst før sommerferiens slutt. Hvordan er fremdriften i dette arbeidet? Vil Agnavika være tilgjengelig som friområde/badeplass til neste sesong?
2. Parkeringsplassen i Krekane, Vaksdal
Parkeringsplassen brukes i dag til hensetting av diverse som tilhengere og campingvogner. Dette er en kommunal parkeringsplass som er etablert for at biler ikke skal kjøre opp til idrettsbanen. Det er Sparebanken Vest cup 7.9. Kan kommunen sørge for at parkeringsplassen blir ryddet til da? Er det mulig å skilte?
3. Kvitaskarvtunnelen, Vaksdal
Kvitaskarvtunnelen på den kommunale vegen Bogavegen brukes i dag som garasje/oppbevaringsplass for diverse biler og utstyr.
En optelling 20.8 viste følgende:
 - 7 store og små tilhengere
 - To biler uten skilt – en nedstøvet og punktert, en fullstendig ramponert
 - En bil med prøveskilt, delvis ramponert
 - En bil med skilt, nedstøvet men sannsynligvis kjørbar
 - Diverse bossKan kommunen ta initiativ til å rydde opp i dette?

Rådmannen gav slike svar:

Spørsmål 1:

Arbeidene følger oppsatt fremdriftsplan og arbeidet skal være ferdig primo mai 2020. Det innebærer at friområdet/badeplassen i Agnavika vil stå ferdig til badesesongen i mai 2020.

Spørsmål 2:

Parkeringsplassen på Krekane

Parkeringsplassen er uregulert. Det vil sei at registrerte køyretøy kan parkere der. Felleskjøpet sine tilhengarar skal fjernast etter dialog med fabrikk sjef.

Spørsmål 3:

Kvitaskarvtunnelen

Dette er eit kjent problem for kommunen. Parkerte/hensatte køyretøy står her ulovleg. Kommunen har vore i dialog med BIR som ivaretar kommunen sine oppgåver med forsøpling og forureining. Vurderinga deira, er at til tross for ulovleg parkering, så definerast det ikkje som forsøpling/forureining og ikkje ein del av avtalen med BIR. Kommunen har registrert køyretøya og funnet eigarane. Disse har motteke eit skriv, om at kommunen ber om køyretøy fjerna. Dersom dette ikkje vert gjort, må kommunen kontakte politiet for å få heimel til å fjerne restane.

Generelt:

Kommunen har eit interkommunalt forsøplingsamarbeid med BIR om å fjerne forsøpling og forureining i kommunen. I den samanheng dukker det ofte opp ulovleg parkerte og hensatte biler. Dette faller utanfor samarbeidet med BIR. Kommunen har sjølv ingen gode rutinar for å handsame slike saker. I enkelttilfelle har kommunen teke kontakt med bileigar og bedt om køyretøy flytta, dette har gitt blanda resultat. Før sumaren hadde kommunen ein sak med eit hensatt køyretøy på gamlevegen mellom Dalegarden og Helle. Her måtte kommunen gå så langt som å publisere ein sak i lokalavisa om at, dersom ikkje eigar meldte seg, måtte kommunen fjerne bilen eigenhendig. Kommunen har vore i kontakt med bergingsselskap, men dei ønskjer ikkje å flytte biler utan eigar



eller politiets godkjenning. Bilen som stod på gamlevegen har no kommunen måtte lagre i tilfelle eigar melder seg.

For at kommunen skal få kontroll på biler som står ulovleg parkert, må konsekvensar tilfalle dei som står ulovleg parkert. Dette har ikkje kommunen verken trent personell eller avtaler til for å få gjennomført, slik det er no.

ORIENTERING:

Det vart gitt orientering om ei klientsak i lukka møte, i medhald av off.lova § 13, jfr. fvl § 13 1. ledd punkt 1.

Informasjon frå ordførar:

- Statusoppdatering på legevaktordning i Arna
- I samband med at Vintertreffet på Vaksdal skal feira 20 års jubileum i 2020, har ordførar mottatt eit forslag om at kommunen kjøper et antal billetter som støtte til arrangementet. Formannskapet ber rådmannen sjå på saka og vurdera kostnadene ved eit slikt tiltak. Saka må takast opp i nytt kommunestyre.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
68/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Fasteland	FE-614, TI-&55	16/308

BERGSDALEN SKULE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår at rådmannen kan gå vidare i prosessen slik at innbyggjarane i Bergsdalen kan overta skulen. Finansiering ved bruk av fond og kommunestyret vil få sak om finansieringa i sak om årsavlutning i desember.

På bakgrunn av vedtak i sak frå 32/2016 er formannskapet delegert mynde i saka, men bruken av midlar må opp i kommunestyret j.fr kommunelova.

Formannskapet godkjenner rammene for prosessen;

- 1. Innbyggjarane i Bergsdalen, 22 representantar, vil vera med på å skipa eit nytt lag med føremål å eiga og drive skulen vidare til beste for bygda. Arnfinn Trøen er førebels representant for laget.*
- 2. Vaksdal kommune vil, saman med representantar frå Bergsdalen, gå gjennom bygget og sjå kva stand det er i. Bygget skal vere i «akseptabel» stand ut frå at det er vel 40 år gamalt. Skulen skal ikkje oppgraderast til standard 2020.*
 - a. Ut frå kva stand bygget/bygga held, og omkostningar ved overdraginga, vil det nyoppretta laget i Bergsdalen få eit tilskot frå kommunen. Tilskotet er eit eingongstilskot på mellom 500 og 750.000 kroner.*
- 3. Etter synfaring og statusrapport for bygget er prosessen tenkt;*
 - a. Regulerings, og bruksendring samt privatrettslege krav må avklarast og ryddast i.*
 - b. Juridiske og økonomiske tilhøve rundt eventuell overdraging til bygda må klarerast.*
 - c. Endeleg kontrakt må opprettast der eit nyskipa bygdslag med eige organisasjonsnummer overtek ansvar og drift av «gamle» skulen i Bergsdalen.*
- 4. Bygget, skulen i Bergsdalen, skal nyttast til samfunnsgagnlege føremål.*
- 5. Om ein etter nokre år ser seg nøydd til å avhende bygget skal salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen.*

Saksopplysningar:

Våren 2019 og i haust har det vore møter mellom politisk og administrativ leiing i Vaksdal kommune og bebuare i Bergsdalen om framtida til skulen. Ordførar og rådmann var på eit møte i juni. No i september har rådmann hatt eit møte på skulen i Bergsdalen og eit møte med representantar frå bygdefolket på Heradshuset. Representantane vart valde i møtet på skulen i september. Saka er no komen så lagt at rammer for eventuell overtaking er klare. Det er ikkje oppretta ei sak, men rådmannen treng politiske signal på om det er tenleg og ønskeleg at ein går vidare med prosessen.

Ordførar og varaordførar, perioden 2015-19, er orienterte om saka og har vore samtalepart for rådmannen i arbeidet. Ei slik sak kan skape konflikhtar både i eit bygdelag og internt i ein kommune. Truleg spesielt punkt 2a. Rådmannen ser at slik saka no står, vil nokre kunne hevda, at Bergsdalen får godt betalt for å ta ansvar for skulebygget og drifta det til beste for bygda. Samstundes ser rådmannen at saka neppe kan skape «presedens» og at det har vore ein lang og noko kronglete historie fram til forslaget som no ligg føre.

Bakgrunn for prosessen er tidlegare politiske vedtak, frå mellom anna 2016 og 2009.

Saka vart behandla i Kommunestyret 23.05.2016 - Sak 32/2016:

FRAMTIDIG BRUK AV BERGSDALEN SKULE, Moglegheit for lokal overtaking

Det vart gjort slikt vedtak:

Tilbodet frå Bergsdalen Jordbrukslag vert ikkje godkjent. Med bakgrunn i eit generelt stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg er det eit mål å få ned den kommunale eigedomsmassen. Samstundes er det prisverdig at lokalsamfunnet vil yta for å ta vare på Bergsdalen skule. Rådmannen og ordførar vert bedt om å gå ein siste runde med lokalsamfunnet med tanke på å framforhandla ein avtale om bruk som samfunnshus/sal/overtaking av Bergsdalen skule for å få ned dei kommunale driftsutgiftene, slik at bygninga kan koma lokalsamfunnet til gode.

Vaksdal kommune er i startfasen av rulleringa av kommuneplanen. I det høvet ynskjer kommunestyret å få gjennomført eit "mulighetsstudium" for å sjå på potensialet for Bergsdalen i eit næringsperspektiv, eit folkehelseperspektiv og eit samfunnsperspektiv. Eventuell alternativ bruk av skulebygget vert og vurdert.

Rådmannen kjem tilbake med ei sak om rammene for eit "mulighetsstudium".

Dersom ein ikkje når fram med ein avtale med lokale interesser vert eigedomen lagt ut for sal på den opne marknaden med omregulering til fritidsbustader og sal til høgstbydande. Salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen i tråd med ideane i "mulighetsstudiet".

Formannskapet skal ha ein eventuell avtale til godkjenning.

Vedtaket vart sendt til Bergsdalen jordbrukslag v/Helge Terje Fosse, i brev datert 26.05.16
Kommunestyret behandla 30.03.2009 i sak 016/09 2009:

MELDING OM VEDTAK - ENDRING AV FORSKRIFT OM OPPTAKSOMRÅDE FOR SKULANE I VAKSDAL

Det er gjort vedtak i saka slik det framgår nedanfor:

Behandling i møtet:

Utsetjingsframlegg frå Karin Groth, FRP: Vaksdal FrP fremmer forslag om å utsette sak 016/09 slik at foreldrene med forelderådene kan gjennomføre en forsvarlig behandling av saken. Det samme gjelder for å kunne behandle en slik stor sak i partigruppene. Sakspapirene med uttalelsene fra

foreldrerådene, og framstilling fra sakshandsamer kom for sent til å kunne behandles i dette kommunestyremøtet.

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget – Framlegget fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Kjetil Rødland ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde Terje Davidsen greie for gruppa sitt syn. Han meldte frå om at det ville koma eit endringsframlegg frå SP.

Subsidiært framlegg frå Karin Groth, FRP: Vaksdal FRP går inn for at opptaksområde for Eidsland endres. Vaksdal FRP går inn for at opptaksområdet til Bergsdalen skole opprettholdes slik som det er i dag.

Endringsframlegg frå Kjetil Rødland, SP: Dersom elevtalsutviklinga i Bergsdalen viser at elevtalet vert større enn 10, skal det fremjast ny sak der ein vurderar endring av opptaksområde for skulane i Vaksdal.

Røysting:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet si innstilling vart sett opp mot det subsidiære framlegget frå Karin Groth: Framlegget til Karin Groth fekk 2 røyster (FRP) og fall. Endringsframlegget frå Kjetil Rødland vart sett opp mot Formannskap/plan- og økonomiutvalet si innstilling – formannskap/plan- og økonomiutvalet si innstilling fekk 4 røyster (H og Karin Groth) og fall.

Vedtak:

I Vaksdal vil det vera 5 skular: Eksingedalen skule (barne- og ungdomstrinn) Stamnes skule (barnetrinn) Dale barne- og ungdomsskule (barnetrinn og elevar på ungdomstrinnet frå heile kommunen med unnatak av Eksingedalen) Stanghelle skule (barnetrinn) Vaksdal skule (barnetrinn) Opptaksområde for barnetrinnet på Dale barne- og ungdomsskule omfattar også tidlegare Bergsdalen skule.

Opptaksområde for Stamnes skule omfattar også Eidsland og Eksingedalen til Høvik.

Opptaksområde for Eksingedalen skule strekkjer seg nedover Eksingedalen til og med Høvik.

Dersom elevtalsutviklinga i Bergsdalen viser at elevtalet vert større enn 10, skal det fremjast ny sak der ein vurderar endring av opptaksområde for skulane i Vaksdal.

Det vert kjøpt elevplassar for elevane frå Eidsland og Høvik i Modalen.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
69/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-030	19/1040

GJENNOMGANG AV HELSE- OG OMSORG - MANDAT

Vedlegg:

Prosessskriv organisasjonsgjennomfang

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmann hente inn ekstern bistand til gjennomgang av tilbud, kvalitet og ressursbruk i helse og omsorg. Analysen skal gjelde både dagens situasjon og framtida og skal vurdere våre tenester opp mot sentrale føringer og utviklingstrekk innan sektoren. Gjennomgangen skal sjåast i samanheng med øvrig organisering og drift i kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

I samband med kommunestyret si handsaming av handlingsprogram og økonomiplan vedtok kommunestyret at det skal gjennomførast ein ekstern gjennomgang av helse-og omsorgstenestene som grunnlag for neste økonomiplan. Rådmann sitt framlegg til mandat for gjennomgangen vert lagt fram til behandling i kommunestyret. Mandatet gjev grunnlag for ei heilskapleg vurdering av tenestene.

Det vert lagt til grunn at gjennomgangen kan gjennomførast innafør ei kostnadsramme under grenseverdiene for utlysing av offentleg anbod (DOFFIN). I samsvar med lov om offentlege anskaffingar vert det henta inn tilbud frå fleire leverandørar.

Formelt grunnlag

KOM 52/2019

Vurdering og konsekvensar

Kommunestyret har vedtatt ein ekstern gjennomgang av helse og omsorg i forkant av økonomiplan for 2021-2024. Det vil vera ønskeleg å få ei heilskapleg vurdering av tilbodet, kvaliteten og ressursbruken i heile tenesta. Analysen skal gje ein statusrapport for no-situasjonen. Samtidig skal analysen vurdere korleis kommunen kan innrette og dimensjonere tenestene for framtida og vurdere kommunen si utvikling opp mot sentrale utviklingstrekk og føringar.

I samsvar med lov om offentlege anskaffingar vert det henta inn tilbud frå fleire, omfanget av

arbeidet avgjer om det skal lysast ut anbod på Doffin. Rådmann legg til grunn at arbeidet kan gjennomførast under grenseverdiane for utlysing på Doffin. Finansiering av analysen vert tatt inn i budsjettet for 2020.

Kommunestyret - Sak 61/2019

KOM - Behandling:

Utsetjingsframlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP, KRF:

Kommunestyret ber om at saka blir oversendt til det nye kommunestyret. Det blir sett av pengar i budsjettet til føremålet

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget som vart samrøystes vedteke.

KOM – Vedtak 23.09.19:

Kommunestyret ber om at saka blir oversendt til det nye kommunestyret. Det blir sett av pengar i budsjettet til føremålet

Organisasjonsgjennomgang helse og omsorg - Prosessdokument – rådmann orienterer i møtet

Kommunestyret har vedtatt ein ekstern gjennomgang av helse og omsorg i forkant av rullering av handlingsprogram og økonomiplan. Rådmann har laga framlegg til mandat til behandling. Det er viktig at oppdraget gjev nyttige svar samtidig som det må avgrensast noko i tid og ressursbruk. Det kan visast til fleire større forvaltningsrevisjonar og tilsyn dei siste år som har belyst kvalitet i tenestene. I denne gjennomgangen er det relevant å undersøke andre forhold som

- Behov og kapasitet i tenesta
- Organisering og bemanning i tenestene, herunder heiltid og vikarbruk
- Medverknad frå brukarar og tilsette
- Ressursbruk
- Framtid og utviklingsbehov jf. forskrift

Basert på kommunen sitt totale ansvar er det i tillegg ynskjeleg å få ei heilskapleg vurdering av

- Organisering, leiing/leiarspenn, støttefunksjonar/koordinerende stillingar i organisasjonen

Kommunens fire hovedroller er å være tjenesteyter, demokratisk arena, samfunnsutvikler og myndighetsutøver. Det betyr at ikke alle funksjoner og stillinger i en kommunal organisasjon kan være knyttet direkte til tjenesteyting. *Figur: Kommunens fire hovedroller. Kilde: KS.*





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
70/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	PlanID-PlanID 201800X, Gbnr-Dale stasjon, FA-Q73	18/228

DETALJREGULERINGSPLAN FOR DALE STASJON, PLANID 2018001. GODKJENNING

Vedlegg:

Følgebrev
Detaljreguleringsplan for Dale stasjon
Detaljreguleringsplan for Dale stasjon Plankart
Detaljreguleringsplan for Dale stasjon Reguleringsføresegner
INNKOMNE MERKNADER 8 STK SAMLA (L)(167442)
Dale_stasjon_Merknadsskjema offentlig ettersyn
3D-illustrasjonar frå modell_130219
Landskapssnitt_100119
MIP-00-K-00716 3D-illustrasjon overgangsbru
MIP-00-A-00722_00A Silingsnotat
MIP-00-A-01330 Optimaliseringsrapport
MIP-00-A-02802 Støykartlegging
MIP-00-O-00032 Landskapsplan
MIP-00-O-00033 Landskapsplan
MIP-00-A-01207 Kartlegging av fremmede arter
MIP-00-A-01208 Miljøoppfølgingsplan
MIP-00-A-02805 Hydrologisk rapport
MIP-00-A-00911 Geotekniske grunnundersøkelser
MIP-00-F-00102 Normalprofil plattform
MIP-00-B-00091 Vegteikning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Dale stasjon, planid 2018001, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 27.09.2019, signert Multiconsult AS.

Saksopplysningar:

Planprosess

- Det vart gjennomført oppstartsmøte 22.02.18
- Oppstart av planarbeid vart vedtatt i Formannskapet 23.04.18, Sak 28/2018
- Oppstart vart varsla i brev og gjennom lysing i VP i mai, med merknadsfrist 15.06.18
- Det vart gjennomført offentleg informasjonsmøte 22.05.18
- Det har vore gjennomført møte i regionalt planforum om planarbeidet, 28.08.18. Det har også vore fleire undervegs møter mellom BaneNOR og Vaksdal kommune.
- Høyring av planforslaget vart vedtatt i Formannskapet 11.06.19, med høyringsfrist 05.09.19
- Det kom totalt 8 merknader, der 2 var frå private og 6 frå offentlege aktørar

Bane NOR som tiltakshavar fremjar reguleringsplansak for Dale stasjon, med tilhøyrande reguleringsplandokument. Vaksdal kommune har kome med innspel til Bane NOR i planprosessen.

Reguleringsplanen er, i følgje Plan- og bygningslova, ein privat plan der kommunen er vedtaksmynde. Planforslaget inneheld:

- Reguleringsføresegner, datert 27.09.2019, revisjon 05A, MIP-00-A-01449
- Plankart, datert 27.09.2019, revisjon 05A, MIP-00-A-01448
- Planomtale med ROS-analyse, datert 27.09.2019, revisjon 05A, MIP-00-A-01448
- Vedlegg

Planen sine tiltak utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing i samsvar med Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar.

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Detaljreguleringsplan for Dale stasjon har vore ute til høyring og offentleg ettersyn. Multiconsult er planleggar og BaneNOR står som tiltakshavar for planarbeidet.

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for utbetring av Dale stasjon, der plattformforlenging (250 meter) er hovudføremål. Det vert også etablert plattform 2 med same lengde. I tillegg er det lagt til rette for ny planskilt kryssing mellom plattformane. Kalvekroken aust vert gang- og sykkelveg, og regulering av sti/snarveg langs det nedlagte «BKK-sporet». Planen har også sikra areal til bygge- og anleggsområde.

Ved høyring og offentleg ettersyn av planforslaget kom det inn 8 merknader, 6 frå offentlege instansar og 2 frå private. På bakgrunn av dei innkomne merknadene er det gjort nokre mindre justeringar av planforslaget, som er gjort greie for i merknadsoppsummeringa.

Planforslaget gjev ei oppgradering av Dale stasjon, og planforslaget ivaretek ein del av utfordringane knytt til dagens løysing på ein god måte. Planfri kryssing er eit nødvendig sikrings- og tryggleikstiltak. Tryggare gangløysing mellom Dale sentrum, langs Stasjonsvegen, til plattform 2 har positiv sideeffekt for mjuke trafikantar til/frå bustadområda og idrettsanlegget i Dale sør. Plandokumenta er grundige og godt gjennomarbeidde. Rådmannen tilrår godkjenning av planen.

Bakgrunn for saka

Bakgrunn for planarbeidet er prosjekt for plattformforlengingar på Vossebanen. Dagens plattform er 238 m lang, og strengt tatt ikkje lang nok til regiontogstopp. Formålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for utbetring av Dale stasjon med omsyn til dette, i tillegg til å etablere plattform 2 og nytt hensettingsspor. Planen har plattformforlenging som hovudformål. I planen skal det leggest til rette for to sideplattformer som er lengre og noko høgare enn eksisterande plattformer, og ny

planskilt kryssing mellom plattformene for mjuke trafikantar. Innanfor planområdet vert det regulert for stasjonsområde med stasjonsbygningar, trasé for jernbane, plattformer, overgangsbru og eit midlertidig bygge- og anleggsområde.

Reguleringsplanen regulerer også utbetra gang-/sykkelveg langs plattform, vegar og eksisterande bustadeigedomar, for å sikre tilkomst til desse. Parkerings- og bussareal bak stasjonen vert regulert til kombinert bruk for å opne for naudsynte tiltak som skal løyse utfordringane i området. Reguleringsplanarbeidet er utført parallelt med detaljert prosjektering for stasjonen, slik at regulerte løysingar skal vere gjennomførbare. Planforslaget er tilpassa nytt signalsystem ERTMS.

Planområde

Planen er lokalisert på Dale, som er kommunesenter i Vaksdal kommune. Dale ligg ca. 60 km frå Bergen og 40 km frå Voss.



Figur 1; Oversikt over varsla planområde. Området er vidare redusert i utarbeidinga av planforslaget.

Planområdet tek utgangspunkt i jernbanestasjonen på Dale. Stasjonen ligg i gangavstand frå Dale sentrum, tett på sørsida av Europaveg 16. Varsla planområde ved planoppstart hadde eit areal på 54,4 daa som omfattar dagens stasjonsområde til og med planundergang i sørvest, bustadområde ved Kalvekroken i sør og bru over jernbanen til Dale sentrum i nord.

Den endeleg fastsette plangrensa er redusert noko i høve til varslingsgrensa, og utgjer 46 daa. Mot nord er grensa redusert slik at den i hovudsak inkluderer jernbaneformål. Ein mindre del av eksisterande gang- og sykkelvegareal på vestsida av jernbanen er inkludert for å sikre gangtilkomst til stasjonen. Vidare mot vest er grensa redusert for å gi ein god overgang mot tilgrensande plan. Del av kommunal veg Sandlivegen er inkludert for å sikre tilkomst til bustader i Kalvekroken og for tilstrekkeleg areal til tiltak i skråning ovanfor vegen.

For stasjonsområdet eksisterer det i dag ein eldre reguleringsplan frå 1971 som regulerer jernbanestasjonen og ein stor del av området rundt. Planen vert delvis råka av planområdet. I planen er det regulert areal til stasjon, parkering, gangvegar, køyreareal, grøntstruktur, bustader og industri/næring. På areal vest for dagens parkeringsområde ved stasjonen er det regulert for rutebilstasjon og bensinstasjon.



Figur 2; Reguleringsplan frå 1971, Stasjonsområdet på Dale, PlanID 1971001

Det er ingen reguleringsplanar av nyare dato. Det er fleire gjeldande reguleringsplanar som grensar til eller vært råka av planområdet. Nokre av desse planane vil verte delvis eller heilt erstatta av ny plan. Det er ein eldre plan frå 1984 som regulerer Dale sentrum med bustader, offentlege tenester, næring, vegareal og grøntstruktur, der ein mindre del av planen vert råka av planområdet. Ein eldre plan frå 1992 regulerer avkøyrslar frå E16 til stasjonsområdet og til område nord for vegen. Planen vert delvis råka av nordaustre del av planområdet. Ein eldre plan frå 1975 regulerer for veg over Kalvekroken, og denne planen vert råka av planområdet og vil verte erstatta. Eldre plan frå 1994 som regulerer for spesialområde kurscenter og tilknytt parkering, vegar og friområde, og ein liten del av planen vert råka av søre del av planområdet. Ein eldre plan frå 1989 som regulerer for bustader i Kalvekroken grensar til søre del av planområdet. Ein eldre plan frå 1986 som regulerer for kraftverk grensar til planområdet ved Daleelva. Eldre plan frå 1998 som regulerer for friområde (messehagen) grensar til nordaustre del av planområdet. Det er ikkje sett i gang anna planarbeid i området i dag.

Planområdet omfattar eigedommane gnr./bnr. 22/594, 498 og 547 med fleire. Størsteparten av området er eigd av Bane NOR.



Figur 3; Grenser og grunneigarar i stasjonsområdet (Vaksdal kommune)

Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk

Dagens arealbruk i planområdet er i hovudsak stasjon og jernbaneanlegg. Mindre delar er nytta til bustader, vegar og grøntområde. På stasjonsområdet er det i dag ein stasjonsbygning, ein garasje, eit teknisk bygg, ein driftsbygning og eit tilbygg til driftsbygninga. Stasjonen er bygd med ei plattform på vestsida av jernbanen. Bak stasjonsbygninga er det eit stort asfaltdekk som nyttast til køyreareal og parkering for bil og buss. Sørvest for dette arealet ligg eit område som er delvis fylt med stein, delvis skogdekt. Området har tidlegare vore nytta til grusuttak i samband med vegutbetring på E16.



Figur 4; Bygningar på stasjonsområdet på Dale

På sørsida av jernbanen omfattar planområdet Sandlivegen, som er hovudtilkomstveg frå sentrum. Tett på jernbanen går det også ein smal køyreveg, Kalvekroken, som nyttast av nokre av bustadeigedomane i området. Bustadane inngår i planområdet. I sørvest knytter Kalvekroken seg på undergang som går til nordsida av jernbanen. I skogområde mellom Kalvekroken og Sandlivegen ligg det eit nedlagt jernbanespor som tidlegare vart nytta av BKK.

Historie, kulturminner og kulturmiljø

Dale vaks fram som ein industristad på slutten av 1800-tallet med etablering av Dale fabrikk i 1879. Dale fabrikk vart grunnlagt av Peder Jebsen som fekk tilhøyrande rettigheitar til den lokale vasskrafta. Det har sidan vore kontinuerleg drift og produksjon av tekstil på Dale. Rundt industribedrifta vaks tettstaden fram og det vart oppført arbeidarbustader, styrar/direktørbustad og gassverkanlegg. Dale fabrikk med direktørbustad «Messo», Dale kraftstasjon og bustadområde Hestavollen i nærleiken av stasjonsområdet er regionalt viktige kulturminner/kulturmiljø. I tillegg er sjølve stasjonsbygningen og stasjonsmiljøet på Dale føreslått verna.

Staden sin karakter

Dale sin karakter er knytt til staden sin plassering i landskapet og til industriverksemda. Staden ligg på ei høgde og langs ei elv omkransa av svært høge og bratte fjell. Denne plasseringa og kontrasten mellom dei bygde omgjevnadene og fjell gir eit synleg og karakteristisk uttrykk. Det er variasjon i bygningsskala frå større, langstrakte industribygg til mellomstore leilegheits-, forretnings- og offentlege bygg, og småskala trehusbygningar. Kring sentrum av Dale med kyrkje og heradshus er det ein tydeleg gatestruktur med tilhøvesvis tett busetnad. Kyrkja og Dale fabrikk merkar seg ut som landemerke som er viktige for staden sin karakter. Det gulfarga stasjonsmiljøet i tre synleggjer identiteten som stasjonsby og knytter Dale til dei andre stasjonane langs Bergensbana. Området rundt stasjonen er prega av småskalabygningar, i hovudsak trehus.

Landskap

Landskapet på Dale tilhører landskapsregion 22 Midtre bygder på Vestlandet. Landskapsregionen kan sjåast på som eit belte mellom fjordmunningane og dei indre bygdene (NIJOS rapport 10/2005). Dale ligg, som namnet tilseier, i ein dal. Dalen sin hovudform er smal og har retning mot nordaust-sørvest, med ein smalare sidedal mot aust, Bergsdalen. Landskapsrommet er tydeleg avgrensa og lukka, forma av høge, bratte fjell. Fjella er dominerande på staden og gjer at dei bygde omgjevnadene står fram som små i forhold.

Sentrum ligg på ei eiga høgde i dalen medan vidare busetnad søraustover ligg lågare i terrenget og er plassert på kvar si side av Daleelva. Terrenget er jamt sidebratt frå sentrum mot elva. Veger og jernbane er plassert på ulike terrengnivå, noko som har gitt ei terrassering av landskapet frå E16 øvst til Daleelva.

Dale fabrikk og Dale kyrkje er viktige landemerke på staden. Kyrkja er synleg frå stasjonsområdet. Sidan stasjonen er plassert eit stykke frå sentrum er kyrkja viktig som orienteringspunkt for å lede folk mot sentrum og for å gi ei rask forståing av at ein er kommen til Dale.

Naturverdiar/naturmangfald

Det er ikkje verneområde etter naturmangfaldlova innanfor eller nær planområdet, men det er i 2010 registrert Havørn sør for brua frå E16 til Dale sentrum.

Naturressursar, inkl. landbruk

Innanfor planområdet er det registrert uproductiv skog og open jorddekkta fastmark. Øvrige areal er bebygde. Det er ikkje registrert landbruksareal. Det er ein registrert førekomst av sand og grus innanfor nordre del av planområdet. Førekomsten er i sin heilskap nedbygd og den er difor ikkje aktuell for masseuttak. Det er ingen registrerte grunnvassbrønnar i planområdet.

Resultata frå utførte grunnundersøkingar viser at lausmassane i planområdet i stor grad består av sandige, grusige massar med noko stein, og det er funnet stadlege førekomstar av humusinnhald i øvre sjikt. NGU sine berggrunnskart viser at bergarten i området hovudsakleg er diorittisk til granittisk gneis.

Nærmiljø, friluftsliv, barn og unge sine interesser

Gjennom planområdet er det gang/sykkelveg og lokalvegar som er rundløyper for nærtur, og planområdet grensar til viktige friluftsområde langs Daleelva. Det er lagt opp til at den kommunale vegen Kalvakroken, frå Sandlivegen til ny plattform 2 vert gang/sykkelveg med breidde 3m. Det er vidare lagt opp til at det gamle «BKK-sporet» frå stasjonsområdet retning Daleelva vert sikra som gangareal, samt ein sti gjennom bustadområde Kalvakroken nærast stasjonsområdet.

Trafikktilhøve

Dale stasjon ligg mellom E16 og jernbanen. Hovudtilkomsten er frå avkøyrse frå E16, som har registrert årsgjenntrafikk på 5400 køyretøy, medan den kommunale vegen som ligg bak stasjonsbygget, Dalevegen, har registrert 100 køyretøy (registrert i Norsk vegdatabank). Sandlivegen frå sentrum kan også nyttast som tilkomst til stasjonen via Kalvekroken og planundergang i sørvest. Kalvekroken har registrert ÅDT på 50 køyretøy. I ny plan er austre del av Kalvekroken sett til gang/sykkelveg, noko som vil gje nokre endringar i køyremønster.

Området bak stasjonen er i dag nytta som kombinert areal med veg, parkering og kollektivstopp. Situasjonen er til tider uoversiktleg, spesielt for bussen. Ved situasjonar med buss for tog har ofte Dale stasjon blitt nytta som koplingspunkt mellom buss og jernbane.

Det er registrert trafikkulukker i Dale sentrum, i kryss mot E16 ved sentrum og ved avkøyring mot Dale stasjon (registrert i NVDB). E16 er generelt ulukkesutsett, og på den aktuelle strekninga er det noko dårleg sikt med kort avstand mellom tunnel og avkøyring til stasjonen, og avkøyring i kurve mot sentrum.

Det er ikkje registrert ulukker med fotgjengarar eller syklistar i planområdet. I sentrum av Dale er det stort sett tilrettelagt med fortau og gangveggar. Det vert også planlagt for eit nytt fortau på sørsida av Bråtet, vegen som går austover frå kryss mot E16. For kopling mellom stasjonen og sentrum går det ein gang- og sykkelveg mellom E16 og jernbanen. På austsida av jernbanen ligg det eit fortau langs Stasjonsvegen i retning mot stasjonen. Bane NOR har svara at løysing for mjuke trafikantar og kryssing av Stasjonsvegen vil verte regulert i endeleg planforslag, og sikra gjennomføring med rekkefølgekrav. På stasjonsområdet er det i dag ei kryssing av jernbanen i plan for mjuke trafikantar. Planforslaget sikrar ny planfri kryssing.

Teknisk infrastruktur På stasjonsområdet er det i dag kontaktleidningsanlegg, lavspenningsanlegg og teleanlegg. Stasjonsbygg er kopla til kommunalt vatn og avlaup. Det er kommunalt overvassnett i Sandliven. På stasjonsområdet er det registrert eitt sluk, som truleg går til avlaup i fellesleidning. Overvasshandtering er i stor grad basert på infiltrasjon. Over planområdet går det ei høgspenning på 132 kV. Linja ligg svært høgt over området og har ei stor byggeforbodssone.

Skredfare og stabilitet

NGI har utført skredfarekartlegging i Vaksdal kommune i 2018, der Dale er eit av kartleggingsområda. Faresonekartet som er utarbeidd viser at delar av planområdet er råka av faresone der sannsynet for ei hending er større enn eller lik 1/5000. Stein er dimensjonerande skredtype.

Stabiliteten på lausmasseskråningar i og nær planområdet er i dagens tilstand vurdert å vere noko under Bane NOR sine krav til tryggleik. Skråningane har stått slik dei er i lang tid utan synlege teikn på rørsle i lausmassane. Ein del av skråningane vert støtta opp av tørrmurar med ukjent dimensjon og fundamenteringsnivå, noko som gjer det vanskeleg å vurdere sikkerheita i dagens tilstand eksakt.

Ytre lausmassesjikt i skråningane kan vere utsett for noko overflateerosjon og sig over tid, men det vert ikkje rekna som eit problem. Planlagde tiltak som fører til inngrep i sideterreng og endring av terrenggeometri og lasttilhøve, kan påverke sideterrenget sin stabilitet negativt. Planlagde tiltak må prosjekterast på ein slik måte at krav til sikkerheit vert tilfredsstillt.

Miljøfaglege tilhøve

Det er utført miljøtekniske grunnundersøkingar og det er avdekkja områder forureina i tilstandsklasse 2-3. Forureininga er påvist i overflatenære masser (<1 m), som i stor grad er tilknytt ballastmassar, med nærleik til tresviller eller infrastruktur som sporvekslar. Med unntak av eitt punkt, der det var påvist arsen i tilstandsklasse 2 i vegetasjonsdekket ved sidan av stasjonsplattforma, er alle prøver der det er påvist forureining frå område ved spor. Det er ikkje påvist forureining i prøver frå djupareliggande massar, som alle består av antatt stadeigne massar av grusig sand. Planmaterialet sikrar forsvarleg handtering av dette i byggefasen. I føresegnene er det stilt krav om at godkjent miljøoppfølgingsplan skal liggje føre saman med byggeplan (§ 2.3) og det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan. Krav til innhald i rigg- og marksikringsplan går fram av føresegnene (§ 2.4).

Støy

Planområdet er råka av eksisterande støy og støv frå veg og jernbane. I samband med planforslaget er det utført kartlegging av støy frå jernbanetraffikk. Innanfor planområde er det fleire bustader i gul støysone. Like utanfor plangrensa er det eit bustadhus i raud støysone (Kalvekroken 16).

Gjennomføring

Planen sine jernbanetiltak og gang- og sykkelveg i Kalvekroken vert planlagt gjennomført samla, med mål om best mogleg tilrettelegging for kontinuerleg togtrafikk, kryssingsmoglegheiter og disponible plattformer i heile anleggsfasen. Før eksisterande plattform vert reven skal det leggest vekt på at ny plattform vert tilgjengeleg for alle togtypar i full lengde og tilrettelagt for publikum, også med tanke på universell tilkomst i heile perioden.

Det er imidlertid ei utfordring å få bygd overgangsbru og etablere støttemur i austre del av plattform 1 for å kunne montere nytt KL-anlegg. Kontaktleidningsanlegget må byggast for å kunne rive eksisterande master når ein skal få på plass ny plattform for spor 2. Det vil difor i ein periode vere naudsynt å begrense plattformlengde for plattform 1 frå overgangsbru til dagens ende av plattform i aust. Tilgjengeleg plattformlengde i denne perioden vil da vere ca. 120 m, og det vil vere naudsynt med dørstyring på doble FLIRT-tog (lokaltog). Regiontog kan ikkje stoppe i denne perioden, alternativt kan det løysast med publikumsinformasjon på tog og plattform om kva slags vogner som kan verte nytta til av- og påstiging.

Mellomplattform vil vere operativ som dagens anlegg fram til plattform 2 er ferdig bygd og overgangsbru med heis og trapp er opna for publikum.

Kalvekroken vil under utbygging av plattform 2 vere mindre tilgjengeleg i periodar også for gåande, sidan anlegget vil gå delvis ut over eksisterande vegareal. Det vil vere gangpassasje, sikra med anleggsgjerder i heile perioden.

Vurdering og konsekvensar

Fornyng av stasjonen vil gjera det meir attraktivt å reise med tog til og frå Dale. Eit meir miljøvenleg transportsystem er i tråd med både nasjonale og regionale retningslinjer, og i tråd med kommunen sine eigne mål. Bane NOR vil få høve til retningsstyrt persontransport, lengre kryssingsspor og hensettingsspor, noko som vil gje større fleksibilitet og regularitet i togtrafikken og for drift/vedlikehald.

Verknader for grunneigarar og naboar

Planen vil ikkje medføre eigedomsinngrep på tilgrensande bustadeigedomar til stasjonsområdet. Tilkomsten til bustader i Kalvekroken vert endra, sidan del av vegen vert regulert til gang- og sykkelveg. Tilkomst er sikra frå søre del av Kalvekroken. Det er private grunneigarar av gnr/bnr 22/486, kor det er regulert for kombinert samferdselsformål. Her vil det vere naudsynt med permanent grunnerverv av areal dersom arealet skal utviklast på eit seinare stadium. Utvikling av området er ikkje ein del av jernbanetiltaka til planen.

For anleggsperioden vil det vere naudsynt å midlertidig erverve det same arealet gjennom avtale med grunneigarar. Området skal tilbakeførast etter avtale med grunneigarar etter endt anleggsperiode. Planen sine nye tiltak er knytt til eksisterande infrastruktur og byggjar vidare på dei same formåla. Tiltaka kan medføre meir gangtrafikk i området ved Kalvekroken. Dei mest merkbare konsekvensane for naboar vil vere i anleggsperioden, då det vil vere meir støy og trafikk i området. Bustader nært bygge- og anleggsområdet i vest vil oppleve dette mest. I planforslaget er det regulert for eit grøntstrukturbelte for å skjerme visuelt.

Landskap og estetikk

Planen sine nye tiltak skal gjennomførast i tilknytning til eksisterande stasjonsområde på areal som allereie er prega av infrastrukturtiltak. Tiltaka vil ikkje medføre store skjemmaende terrenginngrep i området. Det vil vere naudsynt med nokre terrenginngrep for oppbygging av murar for stabilisering

av skråningar. Ein støttemur er regulert for å byggjast i skråning aust for plattform 1. Det er også regulert ein støttemur mot Sandlivegen for å støtte terreng ved etablering av gang- og sykkelveg i Kalvekroken.

Ny overgangsbru er det største tiltaket. Denne er plassert sentralt i stasjonsmiljøet og vil stå som eit moderne element mot dei eldre bygningane. Romleg sett står bygningane og brua fram som ein heilskap. Det er eit ope drag mot sentrum med få høge konstruksjonar. Overgangsbrua vil difor verte synleg frå fleire standpunkt. Dei høge fjella som omkransar staden gjer samstundes at brukonstruksjonen ikkje står fram som dominerande i landskapet.



Figur 5; Ny overgangsbru i romleg heilskap med stasjonsbygningar



Figur 6; Nærverknad frå aust

Kulturminner og kulturmiljø

Eit tilbygg, frå 1953, til godshuset frå 1909, er planlagt reve for å gi plass til ny overgangsbru. Dei to nye sideplattformene, på 250 meter, på kvar si side av stasjonen er vurdert å ikkje ha innverknad på kulturminner og kulturmiljø. Forlenginga går frå stasjonsområdet og langs jernbanen mot Dale sentrum og legg ikkje beslag på anna enn dagens jernbane- og vegareal. Det same gjeld nytt hensettingsspor. Det er planlagt eitt midlertidig bygge- og anleggsområde mellom E16 og stasjonsområdet. Dette skal primært nyttast som tilkomst til jernbaneanlegget og lagring av materialet. Bygge- og anleggsområdet skal etter anleggstid nyttast til veg, parkering, gang- og kollektivareal.

Dale stasjonsbygning, garasje og godshus er sikra med omsynsoner og føresegner i planen som legg føringar for bruk og vern. Ny planskiltkryssing med overgangsbru over jernbanesporet ligg tett på stasjonen og er vurdert til å råke kulturmiljøet. Det er tap av eit mindre viktig enkeltelement i kulturmiljøet, tilbygget på godshuset frå 1953, som må rivast ved bygging av ny overgangsbru. Overgangsbrua er vurdert til å ikkje i særleg grad svekke samanhengen mellom Dale stasjon og Dale sentrum, Dale fabrikk og Hestavollen. Det er sett krav i fellesføresegner om tilpassing til eksisterande stasjonsmiljø i val av fargar og materialbruk. Val av transparente materiale vil kunne avbøte eit dominerande inntrykk av ei ny overgangsbru på Dale stasjon, fabrikk, sentrum og kyrkje. Det er vurdert at den samla påverknaden vil forringe kulturminne og kulturmiljø noko.

Universell utforming og tilgjenge

Universell utforming er eit omgrep som vert nytta om utforming som er tilpassa alle brukargrupper, også blinde og svaksynte, rullestolbrukarar og barnevogner. Mykje av tilrettelegginga for universell utforming vert gjort på eit meir detaljerte plannivå, t.d. prosjektering av taktile leieliner, nedsenka kantstein mv. På dette plannivået er det spesielt viktig å syte for at gangtrasear er tilpassa universell utforming sett i høve til stigninga, og at det er regulert plass til desse. Kravet til stigning på gangtrasear som skal vere universelt utforma er maks 1:15 etter TEK 17. I føresegnene er det stilt krav om at prinsippet om universell utforming i størst mogleg grad skal ligge til grunn ved prosjektering av veg- og jernbaneanlegg. Universell tilgjenge til plattformene vert tilrettelagt frå spor 1 i nord med overgangsbru til spor 2. Stasjonsområde med plattformer og overgangsbru vert utforma etter prinsippet om universell utforming. Med dei nye togene vert det enkelt å kome seg frå plattform til tog.

Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen/andre offentlege etatar

Det følgjer ekspropriasjonsrett til vedteken reguleringsplan. For Bane NOR medfører planen ikkje behov for permanent grunnverv. For bygge- og anleggsperioden vil det vere naudsynt å inngå ein avtale om midlertidig erverv av areal til bygge- og anleggsområde vest for stasjonen. Området skal tilbakeførast etter anleggsperioden.

Vurdering

I september 2017 var representantar frå Bane NOR på Dale med informasjon om prosjekt for plattformforlenging på Vossebana. Silingsnotatet knytt til dette informasjonsmøtet gjer greie for ulike alternativ som er vurdert for Dale stasjon, og tilrår; [..plattform til spor 1 vil bli utbetra og forlenga til minst 250m. Til spor 2 vil det bli bygget en plattform på 110m. For å få en planfri kryssing for passasjerer anbefales det å bygge en undergang.] Gjennom prosessen har BaneNOR gjort endringar, og planfri kryssing er bru, og plattform 2 vorte forlenga til 250 meter.

Vaksdal kommune har i prosessen spelt inn fylgjande ynskje til planarbeidet:

1. Å forbetre trafikktryggleiken for gåande frå sentrum til plattform 2
2. Å forbetre trafikktryggleiken på stasjonsområdet nord for stasjonsbygningen, ved plattform

1

3. Å regulere/prosjekttere undergang som planfri kryssing

Planforslaget regulerer løysing for punkt 1, med fotgjengarkryssing i Sandlivegen ved Daletunet.

Oppstartsmøte for reguleringsplan for Dale stasjon, planID 2018001 vart gjennomført 22. februar 2018, med representantar frå Bane NOR, Multiconsult som plankonsulent og representantar frå Vaksdal kommune. I dette møtet vart forventningar og ynskje drøfta, mellom anna ivaretaking av mjuke trafikantar og gang/sykkelløysingar, etterbruk av riggområde, utfordring/løysing av trafikk- og trafikantreguleringar på området ved stasjonsbygningen, klimabeskyttelse for sykkelparkering, innfartsparkering, Hc-parkering, overgang buss/tog, og gangkulvert under spora.

I reguleringsplanprosessen har Bane NOR vore tydelege på at prosjektet har hovudføremål plattformforlenging. Bane NOR har regulert kryssing av Sandlivegen mellom jernbanen og omsorgssenteret, med rekkefølgekrav for utbetring. Dette er no med i reguleringsplanen. Rekkefølgekrav i føresegnene sikrar at dette vert bygd før plattform 2 vert teken i bruk.

Området nordvest for stasjonsbygningen vert regulert til «Kombinert formål for samferdselsanlegg og /eller teknisk infrastruktur».

Landskapssnitt syner at toppen av overgangsbrua vert om lag 3 meter over mønehøgda for Stasjonsbygningen. Dette vil vere eit vurderingssjåsmål, men som planfri kryssing vil den ivareta tryggleiken og krava til universell utforming på god måte.



Figur 7; Landskapssnitt

Konklusjon og tilråding

Planforslaget gjev ei oppgradering av Dale stasjon. Planforslaget ivaretek fleire av utfordringane knytt til dagens stasjon. Planfri kryssing er eit nødvendig sikrings- og tryggleikstiltak. Tryggare gangløysing mellom Dale sentrum, langs Stasjonsvegen, til plattform 2 har positiv sideeffekt for mjuke trafikantar til/frå bustadområda og idrettsanlegget i Dale sør.

Rådmannen tilrår godkjenning av planen.